


Golta

TEMA: Byggeskikken ①115,
«En sand guldgrube» ①100

I mellomkrigsåra vart det sett i gang ei større registrering av bus og husbunad, byggjemåte, eldstader og tunformer på Vestlandet – ei storstilla kartlegging som gjekk under namnet «Kulturgeografisk registrering på Vestlandet». Eitt av dei anlegga som det vart samla inn materiale om i 1938, var eit eldre fleirromsbus på GOLTA; nytt og interessant materiale for granskarane ved Historisk Museum, men velkjend i den lokale byggeskikken gjennom mange generasjonar.

Langhuset på Golta er delt mellom to bruk.



Langhuset på Golta ligg det ei stove og ei bu med ein midtgang mellom, stilt attåt ei røykstove med kleve og «et reisverks ildhus, aapenbart av temmelig ny dato», som det heiter i Indberetningen fra Den antikvariske bygningsnevnd i 1927.

Røykstova syner spor etter kroting, og etter tømmeret å dømma kan det vera rimeleg å tidfesta denne stova til 1600-talet. Interessant er det her å leggja merke til at det ligg ein smal tømra kleve

langs stova. Det kan vera slike klevar det er tale om når det i skriftlege kjelder heiter «een tømret Kleve i Udsvalen». Framfor bua er det ei sval, med eit par trinn opp til gangen mellom bu og stove. Tømmeret i bua og den vestlegaste sperrestova peikar mot ei datering på 1700-talet. Lengda på denne bygningsrekka er om lag 20 meter.

Dette samanbygde huset har i alle høve i nyare tid vore delt mellom to bruk. □

GOLTEN LANDNOTLAG

I mannsaldrar var landnota viktigaste reiskapen i fisket etter sild og makrell, og då var ein god kastevåg gull verd. Goltasundet på Golta var ein slik våg. Der seig silda ofte inn, og det kunne gjerast eventyrlege kast. Når silda eller makrellstimate kom inn Goltasundet, var det berre om å gjera å stengja vågen med nota så snøgt råd var. Alle oppsitjarane samarbeidde om notfisket. For å koma ut med nota før silda for ut att, måtte det haldast vakt. Oppsitjarane byttest om å sitja i rorbuene i Goltasundet og vakta på silda eller makrellen. Etter at snurpenota kom i bruk tidleg på 1900-talet, overtok ho meir og meir for landnota. Fiskarane var ikkje lenger avhengige av gode kastevågar. Likevel vart det gjort gode landnotkast i Goltasundet like til etter andre verdskrigen. Golten landnotlag vart truleg organisert i slutten av 1800-talet. Alle oppsitjarane, 11 i talet hadde sin part i laget, som åtte båtar, notbruk, nohengje, notbu, naust og losjibu. Triass i at siste kastet i Goltasundet vart gjort tidleg i 1950-åra, eksisterer Golten landnotlag den dag i dag; eitt av dei mest komplette landnotanlegga i Hordaland.



Gamle sjøbuer på Golta.

FJÆREMANNSTUFTER PÅ RISØYA



Lengst sørvest for Sotra ligg den vesle, ubygdde øya Risøya. Ved ei lun vik aust på øya er det funne minst 10 gamle, overgrodde hustuffer og 7 båtstøer. Ein gong for lenge sidan må det ha butt mykje folk her. Dei låge nullesteinsveggene har vore fundament for trebygningar. I tuftene er det funne fiskesøkke av kleber, onglar, ein harpunspiss, bryne, eldstål, eldfint og ymse anna. Ikkje noko tyder på at kvinner har halde til her. Funna peikar mot fangst og fiske. Mykje talar for at dette er restar av fjæremannsbuer. Dateringar frå tuftene på Risøy syner at slike tradisjonar kan gå heilt attende til vikingtida og hundreåra nærast for (②288).

Arkeologiske funn frå tuftene på Risøya.



Frå Golta.